

# Innmelding av sak til tverrfagleg team for barn mellom 6-16 år

---



## Skuleteamet er samansett av fagpersonar frå:

- Helsefagleg kompetanse v/representant frå helsestasjonen- som er koordinator for teamet
- Helsefagleg kompetanse v/representant frå psykisk helsetem for barn og unge
- Pedagogisk kompetanse v/representant frå pedagogisk psykologisk teneste -PPT
- Barnevernfagleg kompetanse v/representant frå barnevernet i Molde, Midsund, Aukra, Eide og Vestnes

Skuleteamet vil kunne bistå alle skular i kommunen med tverrfaglege drøftingar, råd og rettleiing frå saker som blir innmeldt frå skulen eller av andre samarbeidande tenester. Då med samtykke og i samarbeid med barnet sine føresette. Føresette for barnet skal som *hovudregel* delta på møte.

Dersom det er behov, er det anledning å nytte teamet som rettleiing i NN saker, men individualsaker skal prioriterast.

Skulen og føresette skal på førehand, saman ha formulert ei problemstilling ein ønskjer å drøfte med skuleteamet. Same prosedyre gjelde for andre tenester som melder opp saker til teamet. Ved sistnemnte er det viktig at skulen er orientert på førehand om at det kjem ei sak som er innmeldt av andre. Saker skal meldast inn på gjeldande skjema. Skuleteamet vil vurdere behov for å nytte evt. andre faginstansar inn i teamet. **Drøftinga av problemstillinga skal i si heilheit forgå i samla team, med alle partar til stades.**

Hovudregel er at skulen, der det aktuelle barnet / ungdommen går, skal vere representert inn i teamet, uavhengig av type problemstilling. Dette fordi vi ser på skulen som ein viktig part.

Problemstillinga sender ein til koordinator i skuleteamet- helsestasjonen. Koordinator tek kontakt med den aktuelle skulen og avtaler tidspunkt for eit møte. **Hovudregel er den fyrste som melder opp sak til møte får tildelt fyrste tidspunkt for møte kl. 09.00.** Møtet kan eventuelt haldast i kommunehuset, om det er ønskeleg.

Skulen kallar inn føresette, møteleiing og referent avtalast på førehand i forkant av kvart møte. Kopi av referat- skreve i eigen mal- sender ein til koordinator, som har ansvar for at det blir lagra i journalen til barnet på helsestasjonen.

**For innmelding av sak:** Send ferdig utfylt skjema til helsestasjonen v/Anita K. Kvalsvik gjennom **internpost**.

Innmelding skal skje seinast **ei veke** i forkant. Skuleteamet har sett av tid **tysdag i oddtalsveke frå 09.00-11.00.**

*Namn på barnet:*

*Fødselsdato:*

*Skule:*

*Føresette:*

*Kontaktperson:*

*Tlf. føresette:*

**Problemstilling:**

**Barnet sine sterke sider:**

**Kva er gjort og prøvd tidlegare?**

**Andre involverte instansar rundt barnet?**

**Kva ønskjer de å oppnå med drøfting i tverrfagleg team?**

**Eventuelt:**

**Dato:**

**Underskrift av føresette, kan skje på møte.**

**Underskrift av kontaktperson på skulen:**